

# Rapport for prosjektet " fjerning av sitkagran i Fitjarøyane" og «samordna uttak», 31.12.2013

«Fjerning av sitkagran frå Fitjarøyane» er hovudprosjektet og prosjekt «samordna uttak av sitkagran» er delprosjekt.

## Hovudprosjektet vart starta opp i 2010 etter utarbeiding av forprosjekt. Prosjektet har eit 10 års perspektiv.

Løyvingar av tilskot i samsvar med skjøtselplan til:

Smedholmen: Løyving i 2010, ferdig i 2012.

Eggøy: Løyving i 2010, vidareføring av prosjekt i 2012. Har ti års perspektiv.

Straumøy: Løyving i 2010, Vidareføring av prosjekt i 2012. Har ti års perspektiv

Siglo: Løyving i 2010, Vidareføring av prosjekt i 2012. Har ti års perspektiv

Langøy: Løyving i 2010, Vidareføring i 2012. Har tidsperspektiv til 2015.

Saugholmen: Løyving i 2013. Har tidsperspektiv til 2015.

Fjerning av sitkagran i Fitjarøyane			Inn	løyvd	utbetalt
Fylkesmannen	2009		200 000		
Miljødirektoratet	2010		100 000		
Friluftsrådet Vest	2011		10 000		
Fylkesmannen	2011		150 000		
Miljødirektoratet	2013		80 000		
	2010-2012	Løyvd til konkrete tiltak		299 250	
	2012	Utbetalt til del- og ferdig tiltak			240 800
	2013	Løyvd til konkrete tiltak		270 500	

### Framdrift:

Ny status vert utarbeida 31.12.2014. Da blir det vurdert kva behov vi har for neste 2 års periode. Prosjektet «Fjerning av sitkagran i Fitjarøyane» er godt i gang, men det er eigarane i Fitjarøyane som må være bevisste på kva hjelp dei treng å fjerne sitkagran på sin eigedom. Nye søknader om deltaking frå 2015 vil bli vurdert. Framleis er det krav om skjøtselplan for deltaking.

Foto ARN:  
Straumøy, okt 2013



## Del prosjektet «samordna uttak» vart starta opp i 2012 etter utarbeiding av forprosjekt.

### Bakgrunn:

I 2012 fekk Fitjar kommune løyvd kr 682 000,- til samordna uttak av sitkagran i Fitjarøyane, 2012 og 2013. Løyvinga var knytt til restaurering av kystlynghei gjennom ordninga utvalgte naturtypar. Dette er eit delprosjekt i hovedprosjektet «Fjerning av sitkagran i Fitjarøyane».

Det vart lyst ut tilbod om konkret uttak av sitkagran. Den einaste som gav skriftleg tilbakemelding var Vestskog SA. Som andre gav dei tilbakemelding på at dei ikkje kunne gje pristilbod pga for mykje usikkerhet kring arbeidsmengde, tekniske løysingar, kostnad og pris på tømmer.

I første skisse til kostnadsoverslag viste det seg at kostnaden for uttak på dei 11 områda som prosjektgruppa hadde prioritert vart større enn det budsjettet som var disponibelt. Det vart gjort avtale med Vestskog om å utarbeida eige forprosjekt på uttak av gran på 4 utvalgte øyer. Forprosjektet skulle vise eit kostnadsoverslag for uttak på kvar av desse områda. Det vart gjort forbehold om at kostnadsvurderinga var usikker.

### Status prosjekt 31.12.2013:

11 områder er prioritert for uttak i Prosjekt samordna uttak. Med grunnlag i Forprosjektet frå Vestskog SA(01.02.2013), gjorde Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor og Interesselaget for Fitjarøyane avtale med Vestskog. Det er usikkerhet knyta til kostnad som gjer at me ikkje har full kontroll på økonomien før etter at jobben er gjort. Hogst vart utført på Ålforo og Langøy i desember Vi satsar på at hogst og uttak på Eggøy og Skatholmen kjem i gang så snart som mogeleg for å bli ferdig før sommaren. Tømmeret vert levert til Tyskland kor det vert nytta som skurtømmer.

Utgiftene til hogst og uttak på Ålforo og Langøy vart ca 25% dyrare enn i kostnadsoverslaget utarbeida av Vestskog. I berekning av utgiftane til hogst og uttak på Skatholmen og Eggøy legger vi difor inn ei auke på 25% frå tala i forprosjeket til Vestskog.

Det vert gjort verdifulle erfaringar undervegs mht driftstekniske løysingar for hogst og uttak på øyer knytt opp mot kostnaden.

Samordna uttak av sitkagran i Fitjarøyane			Inn	Utgifter ikkje betalt	utbetalt
Miljødirektoratet	2012		682 000		
Vestskog SA	2013	Utgifter til forprosjekt			28 000
Vestskog SA	2013	Driftsmidler			30 000
Vestskog Sa	2013	Utgifter hogst og uttak Ålforo og Langøy		237 823	
Div utgifter		Synfaring, båttransport, prosjektgruppa			8 560
Vestskog SA	2014	Kalkulerte utgifter hogst og uttak Eggøy og Skatholmen		383 345	

### Utfordringar:

Kostnadsvurdering er ei utfordring, sidan ingen gir fast pris i forkant av jobb. Det er og viktig at ingen av aktørane kjem i økonomisk uføre. For å unngå det må deler av tiltaket startast opp trinnvis. Prosjektgruppa må og vurdere om det er andre løysingar og samarbeidspartnarar som er aktuelle ved vidareføring av prosjektet.

## Framdrift 2014/2015:

Når uttak av gran på dei første 4 øyane er utført våren 2014 satser me på at prosjektet vert vidareført til fleire områder til hausten. Søknad på kr 633 000,- til vidareføring av uttaksprosjektet er sendt til Miljødirektoratet 15.01.2014. Svar ventes i april 2014.

Link til prosjektplaner:

<http://www.stord.kommune.no/no/SFLMK/Landbruk/Kulturlandskap/Sitkagran/>

24.01.2014

Prosjektleder for prosjekt Fjerning av sitkagran i Fitjarøyane

Aase Nøttveit [asno@fitjar.kommune.no](mailto:asno@fitjar.kommune.no)

Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor



Foto over: Turid Bjordal, Eggøy  
Foto under: Kjetil Rydland (Fitjarposten), Ålforo

